2014

# HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

2/2014

## HEMSEDAL KOMMUNE - TOTALOVERSIKT

| | TOTALRAPPORT 2. TERTIAL | Regnskap 2 014 | Per.b(end) 2 014 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2 013 | Per.b(end) 2 013 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 79 595 722 | 76 030 505 | 3 565 217 | 77 597 921 | 72 685 302 | 4 912 619 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KO | 19 059 922 | 17 511 765 | 1 548 157 | 16 013 554 | 17 572 334 | -1 558 780 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUN | 15 770 859 | 21 174 515 | -5 403 656 | 17 742 527 | 22 427 083 | -4 684 556 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 9 647 098 | 10 316 682 | -669 584 | 7 104 942 | 11 027 833 | -3 922 892 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 14 541 149 | 12 856 687 | 1 684 462 | 7 833 310 | 12 575 724 | -4 742 414 |
| | **Sum utgifter** | **138 614 750** | **137 890 154** | **724 596** | **126 292 254** | **136 288 277** | **-9 996 022** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -20 155 602 | -15 932 953 | -4 222 649 | -16 620 500 | -14 401 067 | -2 219 433 |
| 17 | REFUSJONER | -9 044 348 | -5 748 900 | -3 295 448 | -10 931 858 | -9 876 667 | -1 055 192 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -98 654 107 | -98 928 556 | 274 449 | -94 031 533 | -94 639 333 | 607 801 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSA | -15 859 293 | -14 323 683 | -1 535 610 | -8 559 728 | -12 085 057 | 3 525 330 |
| | **Sum inntekter** | **-143 713 349** | **-134 934 092** | **-8 779 257** | **-130 143 618** | **-131 002 124** | **858 506** |
| | | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **-5 098 600** | **2 956 062** | **-8 054 662** | **-3 851 364** | **5 286 152** | **-9 137 517** |

Tabellen over viser totaloversikten for Hemsedal kommune akkumulert pr. fyrste tertial. Totaloversikten viser det samla resultatet frå dei forskjellige etatane; sentraladministrasjon, kultur og oppvekst, helse og sosial, pleie og omsorg, og teknisk.

Konklusjonen for resultatet til kommunen etter 2. tertial er at budsjettert mindreforbruk på kr. 1 459 000 (opprinneleg kr. 1 974 000) kan bli vanskeleg å nå, men det er heller ikkje heilt umogeleg.

## SENTRALADMINISTRASJONEN

| | SENTRALADMINISTRASJON 2. TERTIAL | Regnskap 2 014 | Per.b(end) 2 014 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2 013 | Per.b(end) 2 013 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 5 785 856 | 5 886 599 | -100 743 | 5 674 358 | 5 962 563 | -288 205 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUN | 5 196 550 | 1 990 724 | 3 205 826 | 2 361 501 | 2 346 000 | 15 501 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EG | 1 480 351 | 3 557 524 | -2 077 173 | 2 692 001 | 5 129 917 | -2 437 915 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 257 004 | 4 915 038 | -4 658 034 | 386 308 | 6 482 667 | -6 096 359 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 13 538 012 | 10 487 359 | 3 050 653 | 6 832 568 | 9 919 724 | -3 087 156 |
| | **Sum utgifter** | **26 257 772** | **26 837 244** | **-579 472** | **17 946 736** | **29 840 870** | **-11 894 134** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -301 642 | -238 270 | -63 372 | -308 455 | -218 000 | -90 455 |
| 17 | REFUSJONER | -2 486 652 | -1 661 500 | -825 152 | -3 577 262 | -3 967 667 | 390 404 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -97 730 695 | -96 150 556 | -1 580 139 | -93 759 223 | -92 967 333 | -791 889 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJON | -13 859 293 | -12 857 019 | -1 002 274 | -7 557 159 | -10 918 391 | 3 361 232 |
| | **Sum inntekter** | **-114 378 282** | **-110 907 345** | **-3 470 937** | **-105 202 099** | **-108 071 391** | **2 869 292** |
| | | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **-88 120 510** | **-84 070 101** | **-4 050 409** | **-87 255 363** | **-78 230 521** | **-9 024 842** |

**Løn og sosiale** kostnadar (gruppe 10) er i tråd med budsjettet.

**Kjøp av varer og tenester** (gruppe 11 og 13) er i tråd med budsjettet. Meirforbruket i gruppe 11 og 13 på kr 1,1 mill.

skuldast periodisering av kostnadane.

**Overføringsutgifter** (gruppe 14) viser eit mindreforbruk på kr. 4 658 034 pr. andre tertial. Avviket skuldast periodisering av formannskapets disposisjonskonto og budsjettert reguleringspremie for kommunens pensjonskostnadar**.**

**Finansutgifter** (gruppe 15) viser eit avvik på kr.3 050 653 i forhold til budsjett. Mesteparten av dette avviket skuldast teknisk føring av fjorårets overskot på kr. 6,2 mill. Kommunen vil betale ca. kr. 700 000 meir i avdrag enn budsjettert. Rådmannen fekk fullmakt til å refinansiere kommunens lån i Kommunalkreditt i budsjettvedtaket. I staden for å refinansiere dette lånet vil det bli fremma sak for kommunestyret om å føre betalte avdrag over minimumsavdrag som ekstraordinær nedbetaling av lån

**Inntektssida** er i stor grad i tråd med budsjettet med unntak av skatt- og rammeoverføringa som det ser ut til å bli ein svikt på ca. 2 millionar kroner. Det er grunn til å tru at andre overføringar kan kompensere dette inntektstapet med kr. 1 mill.

## KULTUR OG OPPVEKSTETATEN

| | KULTUR OG OPPVEKST 2. TERTIAL | Regnskap 2 014 | Per.b(end) 2 014 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2 013 | Per.b(end) 2 013 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 33 139 905 | 31 003 588 | 2 136 317 | 32 294 206 | 30 088 045 | 2 206 162 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNA | 3 822 453 | 3 475 710 | 346 743 | 3 907 721 | 3 450 667 | 457 055 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGEI | 929 766 | 1 326 835 | -397 069 | 788 584 | 1 049 083 | -260 499 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 3 769 567 | 2 089 524 | 1 680 043 | 1 551 607 | 1 132 500 | 419 107 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 274 | 0 | 274 | 491 | 0 | 491 |
| | **Sum utgifter** | **41 661 965** | **37 895 657** | **3 766 308** | **38 542 609** | **35 720 295** | **2 822 314** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -3 570 708 | -2 902 636 | -668 072 | -3 381 947 | -2 619 333 | -762 614 |
| 17 | REFUSJONER | -3 021 342 | -506 280 | -2 515 062 | -4 058 102 | -814 833 | -3 243 269 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -894 000 | 0 | -894 000 | -243 825 | 0 | -243 825 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONE | -1 000 000 | -666 664 | -333 336 | 0 | 0 | 0 |
| | **Sum inntekter** | **-8 486 050** | **-4 075 580** | **-4 410 470** | **-7 683 874** | **-3 434 167** | **-4 249 708** |
| | | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **33 175 916** | **33 820 077** | **-644 161** | **30 858 735** | **32 286 128** | **-1 427 394** |

Kultur- og oppvekst består av resultateiningane Kultur- og oppvekstsjef, Rektor Hemsedal barne- og ungdomskule, Rektor Tuv skule, Styrar Tuv barnehage, Rektor Ulsåk skule, Styrar Ulsåk barnehage, Rektor musikk- og kulturskula og Folkebiblioteket.
Resultatet for Kultur- og oppvekstsektoren pr. 2. tertial viser eit overskot på -644 161 kr for sektoren.
På grunn av periodiseringsfeil og for høgt budsjettert refusjonsinntekter er det ikkje overskot, men budsjettet er i balanse.

**10 Løn og sosiale kostnadar**; meirforbruket blir dekka inn av auka salsinntekter (16) og refusjonar (11).

**11 Kjøp av varer og tenester** Skoleskyss til norskopplæring for framandspråklege kr. 200 000 vert refundert.
Jf. K-vedtak 39/13 vart det sett av 150 000 kr til å gjennomfører ei samfunnsanalyse vedrørande barnehage- og

skulestruktur. Administrasjonen har gjort størstedelen av dette arbeidet. Foreløpig kostnad 15 740 kr vil bli refundert.
Gol kommune har ikkje sendt refusjonskrav på 170 000 kr til grunnskuleopplæring for vaksne våren 2014.
Vi har sendt spørsmål til Fylkesmannen på eit krav frå Nettbuss på 189 139 kr.
Dersom kommunen ikkje får medhald kan vi rekne med å måtte betale uteståande krav frå 2011.

**13 Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon**. HBU har hatt behov for ekstra tenester. HBU la på vent alle andre innkjøp for å kompensere den uføresette kostnaden. Refusjonsinntektene ser vi vil dekkje dette.

**14 Overføringsutgifter**; Det er delt ut 347 000 kr i kulturmidlar. Det står att å dele ut 66 000kr. Differensieringsfeil utgjer vel 100 000 kr. Det er også dekt refusjon til privat barnehageplass 5 mnd. på Gol kr. 20 000.

**16 Salsinntekter** er høgare enn budsjett. Dette gjeld i hovudsak barnehage og SFO og tilsvarar ca 600 000 kr.
Auka inntekter dekkjer auka løns- og andre driftskostnader.

**17 Refusjonar**: 575 000 kr i refusjon statstilskot grunnskuleopplæring er ikkje inntektsført.
Det er budsjettert 1 674 780kr i refusjon året 2014 for grunnskuleelevar frå asylmottaket. På grunn av svært lågt elevtal frå mottaket ser vi at det reelle talet vil bli ca. 900 000 kr for året 2014. For å finansiere meirkostnad på lønn i forhold til refusjonsinntekt, må oppvekst bruke fondsavsetning ved slutten av året.
Det er budsjettert 160 000 kr på HBU i inntekter frå private. Det er ein feil i budsjettet.
-2 716 180 er det budsjettert refusjonsinntekter. Dette er 934 780 kr for mykje.
Ein reell refusjonsinntekt er -1 781 400. Periodisert ville det vorte -1 187 600kr

Generell kommentar til 2. tertial:
Det vart varsla om ekstraordinære behov innan sektoren 1. tertial ved ein av skulane. Vi ser i 2. tertial at det utjamnar seg. Sektoren varsla også i 1. tertial, om lovpålagte oppgåver som ville medføre iverksetjing av tiltak frå hausten 2014. Dette er gjennomført og budsjettet er revidert.

Ei 77% stilling er lagt ned på HBU frå 1.8.14. Kommunestyret påla HBU å spare inn ei 100% stilling. Resterande stilling tilsvarande 23% vert spara inn 2014 ved at det ikkje vert sett inn vikar for lærarar som tek vidareutdanning. 200% stilling er lagt ned på Tuv barnehage frå 1.8.14 I tillegg vart leigeavtalen på modulbarnehagen og trafo sagt opp frå 15. august. Månadleg kostnad til leige kr 23 650kr. er spara inn.

# HELSE- OG OMSORGSETATEN

| | HELSE OG OMSORG 2. TERTIAL | Regnskap 2 014 | Per.b(end) 2 014 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2 013 | Per.b(end) 2 013 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 28 640 976 | 27 186 654 | 1 454 322 | 28 027 456 | 24 875 282 | 3 152 174 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNA | 2 547 542 | 2 625 851 | -78 309 | 2 415 165 | 2 714 667 | -299 502 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGEN | 6 893 826 | 10 021 940 | -3 128 114 | 8 708 330 | 10 856 250 | -2 147 920 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 2 509 911 | 1 753 212 | 756 699 | 2 112 438 | 1 648 667 | 463 772 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 156 | 0 | 156 | 0 | 0 | 0 |
| | **Sum utgifter** | **40 592 411** | **41 587 657** | **-995 246** | **41 263 390** | **40 094 866** | **1 168 524** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -2 780 440 | -2 629 732 | -150 708 | -2 601 852 | -2 508 000 | -93 852 |
| 17 | REFUSJONER | -3 175 118 | -3 213 895 | 38 777 | -2 997 284 | -4 710 667 | 1 713 383 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -2 300 | 0 | -2 300 | -3 350 | 0 | -3 350 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONE | 0 | 0 | 0 | -2 000 | 0 | -2 000 |
| | **Sum inntekter** | **-5 957 858** | **-5 843 627** | **-114 231** | **-5 604 486** | **-7 218 667** | **1 614 181** |
| | | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **34 634 552** | **35 744 030** | **-1 109 478** | **35 658 904** | **32 876 199** | **2 782 704** |

Helse og omsorgsetaten består av resultateiningar, helsestasjon, psykisk helseteneste, legeteneste og legevakt, fysioterapi og friskliv, koordinerande eining, sjukeheim, heimeteneste og Bråtenjordet bu -og avlastningstiltak. I tillegg ligg ein del interkommunale samarbeidstiltak inn under helse og omsorg.

Resultatet pr.2. tertial viser eit underforbruk. Dette skuldast i all hovudsak periodisering i høve til refusjonskrav frå andre og refusjonsinntekter som i hovudsak blir utgifts- og inntektsført på slutten av året. Sannsynlegvis vil det bli eit overforbruk på løn, og overføring til andre, men dette blir kompensert med auka refusjonsinntekter.

Når ein tek omsyn til refusjon sjukepengar og fødselspermisjon er det eit lite overforbruk på **løn og sosiale kostnader ved 2. tertial.** Det blir utbetalt meir i regulativ bestemte tillegg og bruk av ferievikar dei 2 første tertiala Bruk av overtid er blitt redusert i år. Det har vore noko høgare fråvær enn for same periode i fjor.

Vi har ei forsøksperiode med at det er sett inn litt ekstra administrative ressursar med ansvar for vaktbok og tildeling av ledige vakter gjennom webbasert ressursstyringssystem. Sjølv om dette gir litt auka administrative kostnader er målet at det totalt sett vil gje reduserte lønskostnader ved at det er blir betre styring med vurdering av bemanningsbehov, fordeling av vakter/ personell på tvers og bruk av vikar. Det blir ved permisjon og sjukemelding vurdert om delar av stillinga kan stå vakant.

Det er fleire yngre personar med demens, samt yngre brukarar der vi må gje eit tilbod om aktivisering, miljøarbeid og avlastning for pårørande. Tidleg innsats og gode lågterskeltilbod gir auka kostnader, men vil vere med å utsette behovet enno meir kostnadskrevjande tenester . Det er større utgifter til fritidskontakt, avlastning stiltak, miljøarbeid og kjøp av «inn på tunet» tenester enn budsjettert.

Rekneskapsrapport 2. tertial viser eit underforbruk på **kjøp av varer og tenester**. Dette kjem av at det er ikkje er utgiftsført refusjonskrav for 2. tertial frå Gol kommune / NAV Gol og Hemsedal. Ut i frå refusjonskrav kommunen har motteke er Hallingdal barnevern innanfor budsjettrammene. NAV Gol og Hemsedal har eit overforbruk på utbetaling av økonomisk stønad til flyktningar.

Når det gjeld **overføringsutgifter** er forutan momskompensasjon overføring til Hallingdal krisesenter, årleg

overføring til Hemsedal Frivilligsentral. , samt akontoinnbetaling til medfinansiering. Utgifter til medfinansiering er høgare enn budsjettert.

**Salsinntekter** er om litt høgare enn budsjettert.

**Refusjonar** gjeld i hovudsak refusjon sjukepengar og fødselspermisjonar. I all hovudsak blir dei store refusjonsinntektene inntektsført på slutten av året, . Det er kjøpt plass på Bygdaheim frå andre kommunar med kr 200 0000. I tillegg har kommunen fått statstilskott for opplæringstiltak innan brukarstyrt personleg assistent, vidareutdanning med 170 000. Kommunen har også fått tildelt ca kr 200 000 i opplæringsmidlar innan pleie og omsorg. Midlane skal nyttast til opplæring, mellom til anna fagutdanning og ABC opplæring. Hemsedal har fått kr 875 000 i prosjektmidlar innan psykisk helse/rus for perioden 08.14-08.15. Midlane skal nyttast til kjøp av «inn på tunet» tenester, 20 % prosjektstilling og der brukarar og frivillige kan gå på oppdragsavtaler for å sette i gong /drive aktivitetstilbod og møtearena. Storparten av midlane blir overført og brukt i 2015.

Etaten har fokus på førebyggjande arbeid, tidleg intervensjon og samarbeid på tvers. Dette gjeldt ikkje minst tiltak for barn og unge. Ulike tilbod om fysisk aktivitet med gruppetrening er eit godtførebyggjande aktivitetstilbod for alle aldersgrupper. Tilsette i helse og omsorg er gjennom prosjekt «livslystkafe» pådrivarar for oppstart av «gubbetreff» . Friskliv er i gong med fleire prosjekt og tiltak som seniordans, diabetesprosjekt, røykeslutt med meir.

## TEKNISK ETAT

| | TEKNISK 2. TERTIAL | Regnskap 2 014 | Per.b(end) 2 014 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2 013 | Per.b(end) 2 013 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 12 028 985 | 11 953 664 | 75 321 | 11 601 900 | 11 759 412 | -157 512 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMM | 7 493 377 | 9 419 480 | -1 926 103 | 7 329 167 | 9 061 000 | -1 731 833 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL | 6 466 915 | 6 268 216 | 198 699 | 5 553 612 | 5 391 833 | 161 778 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 3 110 617 | 1 558 908 | 1 551 709 | 3 054 589 | 1 764 000 | 1 290 589 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 1 002 706 | 2 369 328 | -1 366 622 | 1 000 252 | 2 656 000 | -1 655 748 |
| | **Sum utgifter** | **30 102 601** | **31 569 596** | **-1 466 995** | **28 539 520** | **30 632 246** | **-2 092 727** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -13 502 812 | -10 162 315 | -3 340 497 | -10 328 245 | -9 055 734 | -1 272 512 |
| 17 | REFUSJONER | -361 236 | -367 225 | 5 990 | -299 210 | -383 500 | 84 290 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -27 112 | -2 778 000 | 2 750 888 | -25 135 | -1 672 000 | 1 646 865 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJ | -1 000 000 | -800 000 | -200 000 | -1 000 569 | -1 166 667 | 166 098 |
| | **Sum inntekter** | **-14 891 159** | **-14 107 540** | **-783 619** | **-11 653 159** | **-12 277 900** | **624 741** |
| | | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **15 211 442** | **17 462 056** | **-2 250 614** | **16 886 361** | **18 354 346** | **-1 467 985** |

Tabellen over viser resultat for Teknisk etat akkumulert pr. fyrste tertial. Dette resultatet består av resultateiningane 3010 Teknisk sjef, 3100 Eigedom, 3200 Teknisk drift og 3400 Landbruk og Næring.

Som ein konklusjon kan ein seie at budsjettert årsresultatet ligg ann til å gå i balanse. Under følgjer ein kort forklaring på dei avvika som er registrert.

Overforbruk **på løn og sosiale** kostnadar skuldast noko bruk av ekstraarbeid. Bruken av ekstraarbeid

opphøyrer 1. november. Noko lønn vert også refundert mot slutten av året jfr. refusjonar knytt til miljøvernleiarstillinga.

Avvik på kjøp av **varer og teneste som inngår i kommunal tenesteproduksjon**, skuldast at fleire større oppdag enno ikkje er gjennomført,- her kan nemnast innkjøp av planleggingsarbeid, og nytt brannvarslingsanlegg. Det er noko overforbruk innan avlaupshandtering grunna lovpålagt gjennomføring av akkreditert prøvetaking. Det er forventa eit overforbruk på tenesteområdet kommunal vegar ved årsslutt vert ca. kr. 100.000,- grunna vesentleg auke i nye kontraktar tilknytta feiing av vegar og plassar, men også nødvendig vegvedlikehald på Panoramavegen jfr. avtale mellom kommunen og Panoramavegen SA. Avvik på tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon skuldast feil periodisering.

Avvik på salsinntekter skuldast i hovudsak periodisering innan sjølvkostområdet. Kommunale årsgebyr for vatn, avløp ligg noko over budsjett. Tilknytingsavgifter er låge pr. 2.tertial, og med bakgrunn i liten byggeaktivitet ligg det ikkje ann til å nå budsjett. Likevel ligg dei kommunale årsgebyra såpass mykje høgare enn budsjett at dette kompenserer for nedgangen i tilknytingsgebyr. Det er forventa at dei totale inntektene innanfor ansvar 3200 ved årsslutt vil ligge på ca. 19,88 millionar kr mot eit budsjett på kr. 19,32
Overføringsutgifter skuldast i hovudsak moms og fondsbruk. Avvik kjem fram grunna periodisering. Årlege inntekter frå konsesjonsavgift blir ført under **overføringsinntekter**. Avvik frå budsjettet skuldast periodisering. **Finansinntekter og finanstransaksjonar** vert ført i siste tertial. Utover desse merknadane er det ikkje større avvik å melde.

# PERSONELL




| | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sep | Okt | Nov | Des | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2011 | 8,29 | 6,51 | 7,02 | 8,16 | 8,26 | 6,83 | 5,15 | 4,00 | 6,64 | 6,47 | 5,68 | 5,76 | | |
| 2012 | 6,97 | 7,28 | 7,96 | 5,90 | 7,13 | 6,97 | 5,31 | 4,40 | 6,61 | 5,49 | 6,88 | 8,10 | | |
| 2013 | 11,26 | 7,41 | 6,65 | 6,61 | 6,27 | 5,95 | 4,61 | 3,26 | 4,96 | 5,88 | 6,64 | 7,56 | | |
| 2014 | 8,65 | 8,68 | 8,21 | 7,39 | 8,72 | 6,65 | 3,24 | 4,28 | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | |

Tabellen over viser sjukefråværet pr. månad frå 2011 og fram til 2. Tertial 2014. Sjukefråværet i dei åtte fyrste månadane av 2014 er 0,5 % høgare enn same periode i fjor. Det største endringa frå i fjor er auka langtidsfråvær. Det er grunn til å tru at det blir ein svak nedgang i siste tertial i forhold til i fjor.

# INVESTERINGSBUDSJETTET

## Generelle kommentarar:

Tabellen under syner status for dei ulike investeringsprosjekta. Kolona «*Budsjett 2014*» angir vedteken budsjett for 2014 inkludert overførte midlar frå 2013 jf. K-sak 73/13. I tillegg er vedtak gjort i K-sak 41/4, i samband med auke av budsjettramma frå 3,125 mill. til 9,400 mill., i prosjekt 162 innarbeida i budsjettet.

## Oversyn over investeringar pr 2 tertial 2014

Gjennomføres som planlagt innanfor vedteken ramme
Usikkerheit i forhold til gjennomføring og/eller kostnadar (sjå kommentar)
Avvik (sjå kommentar)

| P nr. | Prosjektnavn | Regnskap14 | Budsjett 2014 | Prognose 2014 | Avvik |
|---|---|---|---|---|---|
| 018 | Det digitale Hallingdal | 392 964 | 370 000 | 392 964 | |
| 033 | Kjøp av biler | 279 500 | 350 000 | 279 500 | |
| 049 | Tiltak trafikktryggleiksplan | 0 | 100 000 | 100 000 | |
| 095 | Miljøprioritert gjennomkjøring RV52 | 1 033 436 | 1 098 000 | 1 098 000 | |
| 122 | Kultursal | 191 037 | 7 847 000 | 250 000 | |
| 132 | Sikring av Krikken vannverk | 271 347 | 300 000 | 300 000 | |
| 143 | Utbygging Trøim Sør(prosjektering) | 3 756 726 | 10 268 000 | 10 268 000 | |
| 151 | VA ledning Bruhaug-Trøim | 2 745 | 100 000 | 100 000 | |
| 153 | Ny VA-ledning Alstveit HB-Svøo | 0 | 300 000 | 300 000 | |
| 154 | Utbyggingsavtale Tinden | 0 | 1 962 000 | 0 | |
| 160 | Rehabilitering av ledningsnett (Ulsåk) | 0 | 500 000 | 500 000 | |
| 162 | Ny bru Torsetvegen | 3 336 905 | 9 400 000 | 9 400 000 | |
| 201 | Etablering av Kyrkjegarden | 0 | 400 000 | 100 000 | |
| 220 | Nytt røntgenutstyr/pasientsignal - legesenteret | 341 875 | 450 000 | 450 000 | |
| 221 | Oppgradere utleigebustader | 88 286 | 242 000 | 242 000 | |
| 224 | Hugnadheim - toalett/nye vindauga | 210 241 | 300 000 | 300 000 | |
| 227 | Tineapparat | 278 625 | 300 000 | 278 625 | |
| 228 | Utbygging va nett tinden | 24 453 | 250 000 | 250 000 | |
| | **SUM** | **10 208 140** | **34 537 000** | **24 609 089** | |

## Kommentarar til avvika

### Prosjekt 122: Kultursalen
Kun mindre arbeidar vert utført i 2014 og budsjettramma vert endra til 250 000. Resterande midlar (7 597 000 kr) vert overført til 2015. Endringa innarbeidas i revidert budsjett.

### Prosjekt 154: Utbyggingsavtale Tinden
Det vert ikkje aktuelt å utbetale tilskotet i 2014. Budsjettmidlane vert overført til 2015. Endringa innarbeidas i revidert budsjett.

### Prosjekt 201: Etablering av kyrkjegarden
Arbeidet er forsinka grunna gjennomføringskapasitet.

# Investeringar - inntekter

Av tabellen under framkjem budsjetterte inntekter for 2014 samt rekneskap pr. 2 tertial. Det er ikkje forventa vesentlege avvik på inntektssida knytt til investeringsbudsjettet.

| Art | | Regnskap14 | Budsjett 14 | Prognose |
|---|---|---|---|---|
| 06700 | Salg av fast eiendom | -1 554 695 | -3 800 000 | -3 800 000 |
| 07009 | Andre statstilskudd | 0 | -60 000 | -60000 |
| 07290 | Kompensasjon for merverdiavgift (investering) | -1 338 658 | -2 745 000 | -2745000 |
| 07700 | Tilskudd fra private | -1 332 600 | -1 372 600 | -1332600 |
| 07701 | Refusjon fra private | -237 861 | 0 | -237861 |
| | **Totalt** | **-4 463 814** | **-7 977 600** | **-8 175 461** |

# Revidert investeringsbudsjett 2014

Revidert investeringsbudsjett pr. 2 tertial vert slik:

| P nr. | Prosjektnavn | Gjeldene budsjett 2014 | Revidert budsjett 2014 |
|---|---|---|---|
| 018 | Det digitale Hallingdal | 370 000 | 392 964 |
| 033 | Kjøp av biler | 350 000 | 279 500 |
| 049 | Tiltak trafikktryggleiksplan | 100 000 | 100 000 |
| 095 | Miljøprioritert gjennomkjøring RV52 | 1 098 000 | 1 098 000 |
| 122 | Kultursal | 7 847 000 | 250 000 |
| 132 | Sikring av Krikken vannverk | 300 000 | 300 000 |
| 143 | Utbygging Trøim Sør(prosjektering) | 10 268 000 | 10 268 000 |
| 151 | VA ledning Bruhaug-Trøim | 100 000 | 100 000 |
| 153 | Ny VA-ledning Alstveit HB-Svøo | 300 000 | 300 000 |
| 154 | Utbyggingsavtale Tinden | 1 962 000 | 0 |
| 160 | Rehabilitering av ledningsnett (Ulsåk) | 500 000 | 500 000 |
| 162 | Ny bru Torsetvegen | 9 400 000 | 9 400 000 |
| 201 | Etablering av Kyrkjegarden | 400 000 | 100 000 |
| 220 | Nytt røntgenutstyr/pasientsignal - legesenteret | 450 000 | 450 000 |
| 221 | Oppgradere utleigebustader | 242 000 | 242 000 |
| 224 | Hugnadheim - toalett/nye vindauga | 300 000 | 300 000 |
| 227 | Tineapparat | 300 000 | 278 625 |
| 228 | Utbygging va nett tinden | 250 000 | 250 000 |
| | **SUM** | **34 537 000** | **24 609 089** |